



DET KONGELIGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

*Statsråden*

Statsbygg  
Postboks 8106 Dep  
0032 OSLO

Deres referanse

Vår referanse  
200803287-/KAF

Dato  
5. februar 2009

## TILDELINGSBREV 2009

### 1. INNLEIING

Statsbygg skal som byggherre og egedomsforvaltar tilby gode og funksjonelle lokale til statlege verksemder. Statsbygg er eit statleg forvaltningsorgan som forvaltar store verdiar på vegner av fellesskapet. Dette stiller særskilde krav til effektiv og nøktern drift innanfor dei politiske og økonomiske rammene som regjering og Stortinget har fastsett.

Stortinget har handsama St. prp. nr. 1 (2008-2009) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD), jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009). Tildelingsbrevet er utarbeidd med bakgrunn i dette. I tillegg til å gi dei økonomiske rammene og fullmaktene for Statsbygg i 2009, fastset tildelingsbrevet overordna prioriteringar, mål og resultatkrav, samt krav til rapportering.

### 2. OVERORDNA PRIORITERINGAR

I 2009 skal Statsbygg overta forvaltninga av fengselseigedomane. Ei viktig oppgåve vert difor å integrere desse eigedomane i Statsbygg sine forvaltingssystem og etablere eit godt samarbeid med Kriminalomsorga.

Regjeringa har i januar 2009 lagt fram ei tiltakspakke som mellom anna innehold fleire vedlikehaldstiltak og byggjeprosjekt. Statsbygg må syte for rask oppfølging av tiltaka på sitt område.

Kvaliteten på arbeidet som vert gjort i ein tidleg fase av prosjekta er avgjerande for det endelege resultatet. Statsbygg må difor legge stor vekt på kvaliteten i dette arbeidet.

### **3. MÅL OG RESULTATKRAV**

Som miljøsertifisert verksemd skal omsynet til miljøet stå sentralt i alt Statsbygg gjer, både innanfor byggeprosjekta, forvaltning av eigedomane og andre gjeremål. Departementet ber om at Statsbygg gjennomfører ein analyse av sin påverknad på miljøet, og kjem med framlegg om ytterlegare tiltak som kan gje positive miljøeffektar. Statsbygg står fritt i vurdering av tiltaka, men skal prioritere forslag som verkar å ha størst miljøeffekt i høve til ressursinnsatsen. I tillegg til framlegg på eigne område, er FAD òg interessert i eventuelle tiltak som rettar seg mot staten si byggje- og eigedomsverksemd meir generelt. Tiltaka må vere kostnadsberekna (anslag), og det må vere mogleg å samanlikne miljøeffektane mellom dei ulike tiltaka. FAD ber om at slik evaluering med forslag til tiltak vert sendt departementet innan 1. juni 2009.

FAD stiller følgjande resultatkrav til Statsbygg i 2009:

<b>Resultatkrav 2009</b>	<b>Resultatindikatorar</b>
1. Sluttkostnaden på prosjekta skal samla sett ikkje overskride styringsramma med meir enn 1 pst.	Sluttkostnad i prosent av styringsramma på byggjeprosjekta under kap. 1580, 1581 og 2445.
2. Maksimum 7,5 pst.	Overføring av unytta løyvingar til neste budsjettermin i prosent av løyvingane under kap. 1580, 1581, 1582 og 2445
3. Minimum 5 pst.	Resultat før finanskostnader i prosent av gjennomsnittleg investert kapital for året.
4. Maksimum 210 kwh/kvm pr. år	Klimakorrigert energiforbruk målt i kwh/kvm pr. år i bygningar som Statsbygg forvaltar.
5. Minimum 98 pst.	Prosentdel utleigde areal i forhold til totalarealet.
6. Rapport frå ny undersøking. <sup>1</sup>	Nøgde leigetakrar og brukarar.
7. Rapport som viser om Statsbygg oppfyller kvalitative føringar.	Rapport <sup>2</sup> om ivaretaking av kvalitative føringar innan miljø, arkitektur, kulturminne, universell utforming, inkluderande arbeidsliv mm.

<sup>1</sup> Statsbygg legg fram undersøking som grunnlag for nye resultatmål på området. Undersøkinga er toårig. Ny undersøking vert gjort i 2010.

<sup>2</sup> Kan inngå i rapport for året, sjå pkt. 6.1 i dette tildelingsbrevet.

## 4. BUDSJETT

### 4.1 Budsjettanner 2009

Statsbygg er gitt 2 352,607 mill. kroner fordelt på følgjande kapittel og postar i 2009 (alle tall i 1000 kr):

#### **Kap. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga**

<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
30 Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	40 000
31 Igangsetjing av byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>	60 000
33 Vidareføring av byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>	953 000
36 Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	12 490
Sum kap. 1580	1 065 490

#### **Kap. 1581 Eigedomar til kongelege føremål**

<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
01 Driftsutgifter		22 028
45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		39 558
Sum kap. 1581		61 586

#### **Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet**

<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
30 Investeringar, Fornebu, <i>kan overførast</i>		7 000
Sum kap. 1582		7 000

#### **KAP. 2445 Statsbygg**

<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
24.1 Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>		-3 227 519
24.2 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		1 156 002
24.3 Avskrivingar		594 011
24.4 Renter av staten sin kapital		52 298
24.5 Til investeringsformål		900 000
24.6 Til reguleringsfondet		-23 248
	Sum post 24 Driftsresultat	-548 456
30 Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>		71 000
31 Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>		227 500
32 Igangsetjing av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>		82 000
33 Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt, <i>kan overførast</i>		576 287
34 Vidareføring av kurantprosjekt, <i>kan overførast</i>		610 200
45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		100 000
49 Kjøp av eigedommar, <i>kan overførast</i>		100 000
	Sum kap. 2445	1 218 531

Statsbygg skal føre til inntekt 923,731 mill. kroner fordelt på følgjande kapittel og postar i 2009 (alle tall i 1000 kr):

**Kap. 4581 Egedommar til kongelege føremål**

<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
01	Ymse inntekter	131
	Sum kap. 4581	131

**Kap. 5445 Statsbygg**

<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
39	Avsetjing til investeringsformål	900 000
	Sum kap. 5445	900 000

**Kap. 5446 Sal av egedom, Fornebu**

<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Budsjett 2009</b>
40	Salsinntekter, Fornebu	23 600
	Sum kap. 5446	23 600

*4.2 Føresetnader for løyvingane*

Dersom det i løpet av året oppstår uventa utgifter eller bortfall av inntekter, skal desse dekkjast ved omdisponeringar innanfor tildelt budsjettramme.

Framlegg om justeringar av budsjettet skal takast opp anten om våren ('Revidert nasjonalbudsjett') eller om hausten ('Nysalderinga'). Eventuelle framlegg skal innehalde:

- grunngjeving for forslaget om inntekts-/utgiftsendring,
- utgreiing om dei viktigaste føresetnadene for, og eventuell uvisse forbunde med løyingsforslaget,
- informasjon om tiltak for å minimere auken i utgifter/reduksjonen i inntekter,
- forslag til inndekning av auken i utgifter/reduksjonen i inntekter.

Framlegg til justeringar våren 2009 skal sendast Fornyings- og administrasjonsdepartementet innan 27.02.2009. Eventuelle forslag til justeringar hausten 2009 skal sendast seinast innan 30.09.2009.

*4.3 Forvaltning av egedomar utan husleigeinntekt*

Statsbygg har ansvar for å forvalte einskilde ikkje inntektsgjevande egedomar utan særskilt løyving. Departementet er innforstått med at utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av desse i hovudsak må dekkjast med midlar frå dei inntektsgjevande eigedomane.

## **5. FULLMAKTER**

Fullmakter som er direkte relaterte til vedtaka i Stortinget vert omtala her. Det same gjeld fullmakter til å disponere uvisseavsetjinga i prosjekta. Andre økonomiske og administrative fullmakter går fram av vedlegg 1 til tildelingsbrevet.

### *5.1 Delegering av fullmakter*

Departementet delegerer følgjande fullmakter til Statsbygg i 2009, med dei atterhald og presiseringar som er omtalt i pkt. 5.2:

#### I. Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2009 kan:

1. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30-49, med inntil 175 mill. kroner, mot dekning i reguleringsfondet.
2. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30-49, med beløp som tilsvarer inntekter frå sal av eideommar, samt medrekne ubrukte inntekter frå sal av eideom ved berekning av overført beløp.

#### II. Omdisponeringsfullmakter

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2009 kan omdisponere under budsjettkapittel:

1. 1580 Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga, mellom postane 30, 31 og 33.
2. 1581 Eideommar til kongelege føremål, mellom postane 01 og 45.
3. 1582 Utvikling av Fornebuområdet, frå post 21 til post 30.
4. 2445 Statsbygg, mellom postane 30-49.

#### III. Fullmakter til å gjennomføre investeringsprosjekt innanfor gitte kostnadsrammer

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2009 kan gjennomføre byggjeprosjekt og andre investeringsprosjekt, mellom anna forplikte staten innanfor dei gitte kostnadsrammene, under følgjande kapittel og postar:

Kap.	Post	Nemning
1580		<i>Byggjeprosjekt utanfor husleigeordninga</i>
	31	Igangsetjing av byggjeprosjekt
	33	Vidareføring av byggjeprosjekt
2445		<i>Statsbygg</i>
	31	Igangsetjing av ordinære byggjeprosjekt
	32	Igangsetjing av kurantprosjekt
	33	Vidareføring av ordinære byggjeprosjekt
	34	Vidareføring av kurantprosjekt

#### IV. Fullmakt til å setje i gang byggjeprosjekt utan å leggje fram eiga kostnadsramme - kurantordninga

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2009 kan setje i gang nye byggjeprosjekt innafor husleigeordninga under kap. 2445 Statsbygg, post 32, utan å leggje fram kostnadsramme for kvart einskilt prosjekt for Stortinget, på følgjande vilkår:

1. Brukardepartementet/leigetakar har naudsynte husleigemidlar innafor gjeldande budsjetttramme.

2. Samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar utover gitte løyvingar overstig ikkje 1 500 mill. kroner.

## V. Diverse fullmakter

FAD samtykkjer i at Statsbygg i 2009 kan:

- a. godskrive kvart einskilt byggje- og egedomsprosjekt med innbetalt dagmulkt, konvensjonalbot og erstatning for misleghalden entreprise, ved at innbetalinga vert postert i statsrekneskapen på vedkomande investeringspost som ein utgiftsreduksjon.
- b. godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av egedom forvalta av Statsbygg eller av andre statlege verksemder som ikkje har eiga salsfullmakt, for inntil 500 mill. kroner totalt i budsjettåret.
- c. godkjenne kjøp av egedom finansiert ved salsinntekter, innsparde midlar eller midlar frå reguleringsfondet for inntil 150 mill. kroner for kvart einskilte tilfelle, og for inntil 300 mill. kroner totalt, utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av egedom.
- d. overdra statlege spesialskulleeigedommar til underpris eller vederlagsfritt til kommunar og fylkeskommunar, dersom ansvaret for skuledrifta vert overteke av kommunen eller fylkeskommunen.
- e. gjennomføre bortfeste og sal av eigedommar som Statsbygg forvaltar på Fornebu for inntil 10 mill. kroner i kvart enkelt tilfelle.

### 5.2 Presisering av fullmaktene

Fullmakt I-2 gjev høve til å reinvestere heile salsinntekta. Rekneskapsføringa av slike transaksjonar skal handterast ved at inntekter frå sal av egedom vert budsjetterte og rekneskapsførte som driftsinntekter, jf. post 24.1 Driftsinntekter. Nedskriving av den bokførte verdien skal handterast ved ein auke på post 24.3 Avskrivingar. Eventuell gevinst av salet skal førast på posten 24.5 Til investeringsføremål.

Fullmakt II-2 gjeld berre overføring frå post 01 til postane 30 eller 45.

Fullmakt III gir Statsbygg høve til å inngå kontraktar som forpliktar staten ut over årets løyving, men innanfor styringsramma, jf. reglementet om statlege løyvingar, føresegner om byggjekontraktar med vidare. Departementet gir Stasbygg fullmakt innanfor dei postane som er aktuelle.

Fullmaktene til å setje i gang og utvide byggjeprosjekt, jf. fullmakt IV, gjeld berre prosjekt innanfor husleigeordninga der det er inngått forpliktande leigeavtale med ansvarleg departement eller statleg verksemd om dekning av den (auka) husleiga som prosjektet eller utvidinga medfører. Dei samla forpliktingane staten pådreg seg som følgje av kontraktane i alle kurantprosjekta, og som det ikkje er gitt løyving til, må ikkje overstige 1 500 mill. kroner.

Kurantprosjekt, med kostnadsramme på 50 mill. kroner eller meir, skal Statsbygg leggje fram for FAD for godkjenning. Finansdepartementet skal godkjenne kurantprosjekt med ei kostnadsramme over 100 mill. kroner.

Fullmakt V-b gjeld berre sal, makeskifte eller bortfeste av fast egedom til full pris (marknadspris). Det vert føresett at sala skjer i tråd med gjeldande instruks om avhending

av fast eigedom som tilhører staten. Fullmakta til å selje eigedom på Vestbanen i Oslo ligg i departementet jf. fullmakt XI-1 b) i St.prp. nr. 1 (2008-2009) for FAD.

Fullmakt V-c vert tolka slik at Statsbygg kan kjøpe eigedom for inntil 150 mill. kroner i kvart einskilte tilfelle, og for inntil 300 mill. kroner totalt utover løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49 Kjøp av eigedomar. Statsbygg må finansiere denne typen kjøp anten ved salsinntekter, innspara midlar og/eller ved å nytte midlar frå reguleringsfondet.

Ved transaksjonar i medhald av fullmakt V-d skal Statsbygg vurdere klausular i avtalen som sikrar tilbakeføring av eigedomen(e) til staten dersom bruken vert endra, jf. at bruken av eigedomen er den sentrale grunngjevinga for ei vederlagsfri overføring.

Fullmakt V-e inneber at departementet må godkjenne sal av eigedom på Fornebu med pris over 10 mill. kroner. Verdien av eit eventuelt bortfeste skal reknast som årleg festeavgift multiplisert med talet på åra kontrakten er gjeldande. Alle forslag om makeskifte skal leggjast fram for departementet.

Fullmakta til å korrigere Statsbygg sin balanse ligg i departementet, jf. fullmakt XI-1 g) i St. prp. nr. 1 (2008-2009) for FAD. Det vert dessutan vist til at Kongen for 2009 er gitt fullmakt til å avhende statleg eigedom til lågare pris enn marknadspolis der særlege omsyn gjev grunn til det, jf. fullmakt IX-2) i St. prp. nr. 1 (2008-2009) for FAD. Slike saker må med andre ord leggjast fram for departementet for vidare handsaming.

### *5.3 Handtering av uvisseavsetjinga i prosjekta*

Differansen mellom kostnadsramma (85% sannsynleg resultat) og styringsramma (50% sannsynleg resultat) vert her definert som prosjektet si uvisseavsetjing.

Styringsramma vert lagd til grunn for gjennomføring av byggjeprosjekta. Dersom ikkje anna er fastsett, gir departementet administrerande direktør fullmakt til å:

- disponere heile uvisseavsetjinga i kurantprosjekt med kostnadsramme inntil 100 mill. kroner, og tilsvarande i alle andre prosjekt med kostnadsramme inntil 50 mill. kroner,
- disponere uvisseavsetjinga opp til 60% sannsynleg resultat i kurantprosjekt med kostnadsramme mellom 100 og 500 mill. kroner og i andre prosjekt med kostnadsramme mellom 50 og 500 mill. kroner,
- disponere uvisseavsetjinga opp til 55% sannsynleg resultat i prosjekt med kostnadsramme over 500 mill. kroner.

Saker om handtering av uvisseavsetjinga som fell utanfor desse rammene, må Statsbygg sende til FAD for handsaming. FAD vil ta saka opp med oppdragsgjevande departement og melde tilbake til Statsbygg. Slike saker må innehalde ein omtale av årsakene til at prosjektet må ta i bruk uvisseavsetjinga, og kva vurderingar som er gjort i forhold til andre innsparingstiltak. I samband med tertialrapporteringa skal Statsbygg gje ei oversikt over korleis fullmakta til å handtere uvisseavsetjinga er brukt.

## **6. KRAV TIL RAPPORTERING**

### *6.1 Miljø – evaluering*

Statsbygg skal innan 1. juni 2009 utarbeide ein analyse av verksemda si påverknad på miljøet, og gje framlegg om ytterlegare tiltak som kan gje positive miljøeffektar, jf. pkt. 3.

### *6.2 Rapportering ved slutten av året*

#### Statsrekneskapen for 2009

Krava for rapportering til statsrekneskapen for 2009 vil bli gitt i eige brev frå FAD med bakgrunn i rundskriv frå Finansdepartementet. Departementet vil komme tilbake med fristar og informasjon om innhaldet i rapporteringa når dette rundskrivet er klart.

#### Rapport for året 2009

Statsbygg skal innan 16. februar 2010 utarbeide ein rapport for året 2009.

I rapporten skal det være vere ein rekneskaps- og budsjettrapport for alle budsjettkapitla under programkategori 01.60 Statsbygg. Dessutan skal ein gje rapport om oppnådde resultat i høve til resultatkrava som er sett i tildelingsbrevet. Rapporteringa på resultatindikatorane skal så langt som mogleg vere tufta på tidsseriar. Vidare skal resultatutviklinga forklarast. Når det gjeld forklaringa for sluttkostnad i prosent av styringsramma, ber vi om at det vert gjort greie for kor mange prosjekt som har fått utvida kostnadsramma etter at startløyving er gitt, og kor store desse endringane eventuelt har vore.

Statsbygg skal òg rapportere om oppnådde resultat i høve til målet om å ivareta samfunnsmessige føringer innanfor arkitektur, kulturminnevern, miljø og FOU, gitt i St.prp. nr. 1 (2008-2009). I innleiinga i proposisjonen (s. 29 og 30) er det gitt ei omtale av regjeringa sitt arbeid med å skape eit inkluderande arbeidsliv og arbeidet med rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn. Statsbygg skal i rapporten for året gi ei omtale av sitt arbeid på desse områda.

Referanse målinger skal med jamne mellomrom gjennomførast på utvalde område og omtalast i rapporten for året.

Statlege verksemder skal gjennomføre regelmessige, systematiske brukarundersøkingar. Desse skal som hovudregel verte gjorde offentleg tilgjengelege. Utover rapportering på *nøgde leigeta karar*, kan Statsbygg sjølv vurdere kor ofte det er formålstenleg å gjennomføre slike undersøkingar. Utforminga skal byggje på lokale vurderingar. Plan for gjennomføring og resultat vert rapportert årlig.

Sjå òg vedlegg om administrative føringer.

### *6.3 Rapportering gjennom året*

Statsbygg skal utarbeide drifts- og investeringsrapportar pr. 31. mars og 31. august. Departementet skal ha rapportane innan 30. april og 30. september 2009. Rapportane skal utarbeidast etter følgjande mal:

### Drift

Rapporteringa skal skje i samsvar med mal i vedlegg 2 til tildelingsbrevet. Dersom det på årsbasis er forventa avvik, skal ein i tillegg gje ein omtale av tiltak for å eliminere avviket.

### Investeringar

Rapporteringa skal skje etter følgjande mal:

Kap.....

Post	Overføring frå 2008	Løyning 2009	Omdisponert	Disponibel løyning 2009	Forbruk pr .....	Forventa overføring	Overførings- prosent
<hr/>							

For kvar post skal det gjerast greie for dei viktigaste føresetnadene og eventuelle usikre moment som ligg til grunn for det berekna forbruket.

Det skal utarbeidast ei særskild tabellarisk oversikt over løyvingar og forbruk for kurantprosjekta under kap. 2445, postane 32 og 34, etter det same mønsteret som vert nytta i samband med rapporteringa på dei einskilde kapitla og postane.

### Avvik

Om Statsbygg i løpet av året finn at det vil oppstå vesentlege avvik frå resultatkrava og andre føringar gitt i dette tildelingsbrevet, skal det orienterast særskild om dette i rapportane. Statsbygg skal i tillegg gjere greie for planlagde tiltak for å eliminere avviket.

FAD ber vidare om å bli orientert om prosjekt som vert tekne opp med oppdragsgjevande departement og Finansdepartementet når det gjeld eventuell overskridning av styringsramme, jf. omtale av korleis uvisseavsetjinga skal handsamast.

### *6.4 Rapportar frå den interne revisjonen i Statsbygg*

Departementet ber om å få tilsendt kopi av rapportar frå internrevisjonen i Statsbygg.

## 7. RISIKOSTYRING

Ei god mål- og resultatstyring inneber at leiinga har god oversikt og kontroll med dei ulike risikoar som er knytte til måloppnåinga, slik at eventuelle avbøtande tiltak kan setjast i verk. Departementet legg til grunn at Statsbygg gjennomfører risikoanalysar innafor alle hovudområdar av verksemda. Det er viktig at risikovurderingar vert ein integrert del av internkontrollsystemet i verksemda, jf. økonomiregelverket med tilhøyrande føresegner.

Statsbygg skal vurdere risiko knytt til oppfylling av måla både på strategisk og operativt nivå. På strategisk nivå skal ei slik risikovurdering vere ein del av den årlege rapporteringa. På det operative nivået skal Statsbygg vurdere risiko knytt til oppfylling av budsjett- og resultatmåla i den rapporteringa som skjer pr. 30. april og 15. september, jf. pkt. 3 Rapportering.

## **8. TILDELING**

Økonomiforvaltninga i Statsbygg skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 16.12.2004.

I tråd med krav i § 7 i *Reglementet for økonomistyring i staten*, samt føringar gitt i St.prp. nr. 1 (2008-2009) og dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kapitla 1580, 1581, 1582 og 2445 stilt til disposisjon for Statsbygg, med tilhøyrande krav om inntekter på kapitla 4581, 5445 og 5446.

Med helsing

Heidi Grande Røys  
statsråd

### Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2009
2. Mal for rapportering på drift
3. Økonomistyringskalender
4. Administrative føringar

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjonen